

## **Årsmelding for Øystese idrettslag (ØIL) 2013**

**Styret i ØIL har i 2013 sett slik ut:**

Leiar	Vidar Torsvik	( 1 år )
Nestleiar	Kjerstin Valland	( 2 år )
Kasserar	Trude Torvund	( 1 år )
Skrivar	Rune Vik	( 1 år )
Styremedlem	Sonja Fagerheim	( 1 år )
	Mariann Lilledal Valland	( 2 år )
	Toril Honningsvåg Vik	( 2 år )
1. vara	Åshild Bekkesletten	( 2 år )

Valnemnd dette året: Janne Bjørkvall ( 2 år )  
Svein Hovland ( 2 år )

Revisor Signe K. Kvamsøy

### **Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):**

Boccia/teppecurling	Lillian Kvamsøy
Fotball til 1/9	Karsten Samland
f.o.m. 1/9	Terje Melstveit
Friidrett/postkassetrim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken

Hopp, Alpint, Symjing, Vektløfting - ingen gruppeleiarar

### **ØIL-styrerepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):**

Magnar Dalatun	( 1 år )
Karin Vik	( 2 år )

### **Styret sitt arbeid**

#### **Styremøter**

Styret har hatt 11 møte, inkl. styremøte i framkant av årsmøte.

#### **Spesielle oppgåver**

- Arbeid med ØIL-heimeside.
- Arbeid med idrettsregistering og ajourføring av medlemslister.
- Arbeid med å dokumentere politiattestar for trenrarar, lagsleiarar, m.fl.
- Arbeid med å få godkjend nye årsmøtevedtekne vedtekter for Øystese idrettslag hjå Hordaland idrettskrets. Hordaland idrettskrets gav godkjenning 29.11.2013 etter div. justeringar.
- Vedtak om støtte til deltaking i Lerumcup – kr 15 000.
- Vedtak om å støtte arbeid med å få laga nærorienteringskart over Øystese.
- Fordeling av ØIL-grasrotandel i samsvar med årsmøtevedtak.
- Hardanger talentutvikling AS:  
Gjennomgang av økonomi/drift for vurdering om vidare drift eller styrt avvikling, med

- påfølgjande arbeid med avvikling av føretaket inkl. oppgjer av utestående.
- Samfunnshuset Holmatun – ØIL-fotball med driftsansvar 1/1 – 30/5 2013:  
Arbeid med tilbakeføring av driftsansvaret fra ØIL til ”Foreininga Holmatun”, med verknad 01.06.2013.
  - Inngåing av avtale med Holmatun for leige av ”ungdomsklubb-delen” inkl. lager og bruk av toalett – leige avtalt til kr 50 000 pr år. Lokala trengst først og fremst til fotballgruppa sitt fotballfritids-/Telenor Xtra-tilbod for ungar 3.- til 7.klasse, og er ope måndag til fredag fra skuleslutt til kl 16:00. Stettar dessutan behovet idrettslaget har til møtelokale og lager.
  - Myrabakken:
    - Det er utarbeidd notat datert 2. juni 2013 ”Sikring/vedlikehald av hoppanlegg Myrane”. Notatet skil mellom sikring og vedlikehald og inneholder estimat av materialkostnadar.
    - Dugnad – laurdag 02.11.2013:  
Rydding av buskar i dei små bakkane + sikring/oppsetting av varselskilt.
  - Innspel til barnehageplan og ny barnehage i Øystese, brev datert 09.05.2013 til Kvam herad signert av leiar i ØIL.
  - To innspel til oppstart av kommuneplanen sin arealdel saman med Rossvoll VBK, begge datert 25.09.2013:
    - Område 1: Idrettsplass og hall med omkringliggende areal inkl. tilkomstveg langs elv, må få arealføremålet ”Idrett/Offentleg tenesteyting”.
    - Område 2: Busdalenområdet, må få arealføremålet ”Offentleg tenesteyting /idrett”.
    - Grunngjeving: Sentralitet i forhold til bygda og til eksisterande skule-/idrettsanleggsstruktur.
  - Hardangerbadet – eit senter for helse, trening og velvære
    - ØIL har skrive støtteerklæring datert 29.05.2013.
    - Det er inngått intensjonsavtale mellom Hardangerbadet AS og ØIL, med felles mål om realisering av Hardangerbadet.
  - Hjartestartar  
Stor takk til Øystese Røde Kors Hjelpekorps for hjartestartar-gåva motteke under Siderfestivalen 13.10.2013. Hjartestartaren er montert i fotballbua ved Holmatun.

## **Grupper og aktivitet**

Fotballgruppa er klart størst på aktivitet i idrettslaget og einaste gruppa med eige styre.  
Dei andre gruppene med ein viss aktivitet har gruppeleiar men ikkje eige styre med økonomiansvar.

---

### **ØIL-fotball**

For detaljar vert det vist til årsmelding Øystese fotball 2013.

Styret har hatt følgjande samansettning fram til 01.09.2013:

Karsten Samland (leiar), Kari Øystese (skrivar), styremedlemer: Halgeir Botnen, Andre Laupsa, Terje Melstveit, Arild Lillevik, Sigmund Vik, John Johansen

Konstituert styret frå og med 01.09.2013:

Terje Melstveit (konstituert leiar), Hallgeir Botnen (nestleiar/skrivar), styremedlemer: Andre Laupsa, Arild Lillevik, Sigmund Vik, John Johansen, Karsten Samland

Administrasjon frå 01.11.2012:

Roger Vassnes (dagleg leiar)  
Ingmar Sægrov (dagleg leiar Hardanger Talentutvikling fram til 01.06.13)  
Anders Næs (dagleg leiar Telenor Xtra/fotballFO)

-Aktive fotballspelarar og lag forankra i laglister/idrettsregistering:

ÅR 2013	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	64	45	5	17	131
Gutar/menn	109	65	18	32	224
Samla	173	110	23	49	<b>355</b>

I tillegg kjem styrerrepresentantar/trenarar/lagleiarar som ikkje allereie er oppført som aktive i tilknyting til lag, **45 personar** i alderskategorien "25 år +".

Til saman hadde fotballgruppa 26 lag i seriesystemet. I tillegg til å delta i serie har ØIL-lag i ungdomsfotballen delteke i Sogndal Lerum cup, Norway Cup og Skagen cup.

Barnefotballen (fødd i 2001 og yngre) har bestått av 18 lag der dei fleste har spela i lokal serie, men dei eldste (01 og 02) har også delteke i Bergensserie. Lag har delteke i fleire cupar; Walter Holmes cup i Ålvik, Øystese cup, Norheimsund sommargcup, og Nordnes cup.

#### -Resultat

Kjempeaktivitet heile sesongen. Breiddefotballen har blomstra.

Roger Vassnes, trenrarar, oppmenn, dommarar og frivillige har gjort ein kjempeinnsats for å få til kjekk og stor aktivitet.

Konstituert styre med Terje Melstveit og Hallgeir Botnen som leiarar/pådrivarar, har gjort ein imponerande innsats både med ny organisasjonsplan for fotballgruppa, og styring av Øystese fotball i ein serdeles krevjande periode. FotballFO / Telenor Xtra-tilbodet i Holmatun har fått ekstra tett oppfølging, av leiarduoen.

#### **Tusen takk for god innsats!**

Småjentelag/smågutelag og jentelag/gutelag hadde gode prestasjonar både i serie og cup.

Same gjeld herrar junior som etter haustsesongen igjen rykka opp til 2. divisjon.

Herrar senior kom på 4. plass i 3. divisjon menn, pluss kom til 2. runde i cupen der Sportsklubben Brann vart for sterke. Stor cupfest på Øystese idrettsplass i surt og kaldt vær.

Herrar senior sitt 2. lag rykka opp frå 7. til 6. divisjon.

#### -Økonomi

Grupperekneskapet viser overskot. Viser her til ØIL-rekneskap lagt fram på årsmøte.

#### Friidrettsgruppa - aktivitet

Gruppeleiar: Leiv Sandven

- Allidrett for born 6 – 10 år (barnetrinnet) kvar torsdag 17-18 vår og haust – 14 til 20 deltarar.
- Nokre utøvarar frå barnetrinnet har delteke på friidrettsstemne i Strandebarm.
- Utanom barnetrinnet har ØIL nokre medlemer som har delteke på ulike arrangement inkl. motbakkeløp.
- Idrettsmerkeprøve vart gjennomført i siste del av august 2013.

## Trimgruppa - Postkassetrimmen

Ansvarleg: Leiv Sandven

Postkassetrimmen er eit lågterskelt tilbod som fremjar aktivitet og folkehelse blant både unge og gamle, små og store, ja som passar dei fleste som er glade i frisk luft og natur. Trimmen er sett saman av 10 postkassepunkt (Laupsadalen, Teldalen, Børvehagen, Nystøl; Krok, Botnane, Hyrting, Ruedal; Manfjell, Torefjell). 8 personar er engasjert i arbeidet med postkassetrimmen.

Postkassane til Øystese idrettslag har også i 2013 vore mykje nytta. Det var særleg godt med folk ute på tur litt utover hausten, skal ein døma etter noteringane. I 2013 vart det notert 25 nye postkassetrimmarar. Det er ikkje alle som er innom alle kassane. Det er like fullt fire personar som har vitja alle. Det som er svært gledeleg, er at dette er ungdomar. Hallvard Fosso, Hans Laupsa, Sjur Mo og Øyvind Mo har alle notert seg i alle 10 bøkene.

Dei aller flittigaste på dei ulike postkassestadene er;

Manfjell	-Synnøve Mo 88p , Elisabeth Fremgaard 55p og Vidar Mo 55p.
Hyrting	-Marian Bolstad 96p og Synnøve Mo 84p.
Laupsadalen	-Elin Tonning 88p og Odd Kåreid 48p.
Botnane	-Jørund Vik 75p og Kjell Erik Børven 69p.
Ruedal	-Trygve Vik 72p og Jørund Vik 52p.
Nystøl	-Synnøve Mo 108p og Arnstein Lofthus 81p.
Teldalen	-Gunilla Ølmheim 78p og Trude Femsteinvik 56p.
Krok	-Elisabeth Fremgaard 376p og Lars Olav Børve 68p.
Torefjell	-Elisabeth Fremgaard 616p og Helge Lønning 294p.
Børvehagen	-Gethe Nyland 274p og Unni Bergtun/ Ann Kristin E. Mølster 84p.

Som ein ser er det mange som har hatt ikkje berre ein tur, men mange gode turar.

Dei som har vore aller mest ute på tur er Elisabeth Fremgaard 1097p, Synnøve Mo 435p og Helge Lønning 302p.

Øystese idrettslag vonar at enno fleire vil ta turen i ein eller fleire av kassane i 2014.

*God tur.*

---

## Turngruppa – aktivitet

Gruppeleiar: Åshild Bekkesletten

- Leikeparti for born 4 – 5 år (u. skulealder) kvar torsdag 17-18 vår og haust – ca 25 born fast.
- Stemneparti damer hadde 9 deltagarar. Delteke på kretsturnstemne på Os 14.-16. juni og landsturnstemne på Hamar fyrste veka i juli.

---

## Boccia-/teppcurlinggruppa

Gruppeleiar: Lillian Kvamsøy

Boccia:

ØIL har hatt 3 lag med i Boccia-serien i Hordaland 2012/13 . Serieavslutninga var i Øystesehallen 8. juni 2013, og ØIL 1 vart beste laget frå Øystese med 5. plass i serien. Totalt var det 19 lag med i Hordalandsserien.

Frå hausten 2013 har ØIL 2 lag med i serien 2013/2014. Det er med 18 spelarar fordelt på dei to

laga. Det skal gjennomførast fire samlingar med kampar, første i Austrheim 16. november, deretter til Askøy og til Osterøy. Serieavslutninga til våren skjer i Nordhordaland. Alle samlingane er på laurdagar. Alle spelarar har i år fått nye drakter.

Trening for boccia går av stabelen kvar tysdag kl. 18-19 i idrettshallen i Øystese.

Trenarane har delteke på dommarkurs 30. november og 1. desember i regi av Fleridrettsforbundet.

Teppecurling:

Ikkje lag eller organisert trening i 2013.

Teppecurling er eit artig lågterskeltilbod som bør kunne marknadsførast ovanfor grupper som elles har vanskeleg for å delta i organisert aktivitet. Kanskje pensjonistlaget og/eller Grannehjelpa kunne vere kontaktpunkt ?

#### Aktivitetar elles i ØIL-regi

- Torefjellstrimmen – Kom deg ut-dagen, søndag 01.09.2013:
  - Samarbeid mellom Kvam turlag og ØIL, pluss fellesannonse med Øystese jeger og fisk som hadde eit samtidig arrangement i Fitjadalen.
  - Lita deltaking grunna grisevær.
  - Framtidige arrangement kan utviklast med fleire partnerar/lag, med tilrettelegging for å nå flest mogeleg i alle aldrar.
- Øystese-trimmen og open hall søndag 15.09.2013:
  - 7 i konkurranseklassen + ca 40 i trimmen. Ny løyperekord.
  - Kollisjon med Walther Holme-cup i Ålvik.
  - Overraskande godt frammøte til open hall-arrangementet.
  - I 2014 vil arrangementet gå av stabelen siste søndag i september.
- Orientering – 1 aktiv utøvar.

#### Medlemstal – med grunnlag i idrettsregistreringa

##### **Medlemstal 2013 i fleiridrettslaget**

	0 - 5 år	6 – 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	26 år og eldre	Samla
Jenter/kvinner	18	61	63	9	152	303
Gutar/menn	20	99	59	14	179	371
Samla	38	160	122	23	331	<b>674</b>

##### **Medlemsutvikling**

	2009	2010	2011	2012	<b>2013</b>
Jenter/kvinner		275	289	283	303
Gutar/menn		371	380	336	371
Samla	661	646	669	619	<b>674</b>

Kommentar til medlemstal:

Styret i ØIL har ved gjennomgang av medlemslister funne at det er ein del personar som har delteke i ØIL-aktivitetar i 2013 som ikkje hadde betalt medlemskontingent til hovudlaget. Desse personane er dermed ikkje teke med i medlemsregistreringa for ØIL i 2013. Situasjonen er mykje betre enn for 2012, men framleis ei utfordring for komande styre.

## **Økonomi (resultatregnskap med balanse)**

Årsresultat 2013 for Øystese idrettslag (hovudlaget) viser eit underskot på kr 117 931.

Forklaring på underskot:

- 1) Avvikling av Hardanger talentutvikling inkl. oppgjer for uteståande – kr 96 414.
- 2) Leige av lokale for fotballFO/Telenor Xtra – kr 50 000 (mot tidlegare utgift på kr 2000).
- 3) Tilbakebetaling av kr 26 000 til Holmatun, eit beløp Øystese fotball feilaktig hadde teke ut som overskot i perioden som driftsansvarleg for Holmatun.

Generelt er hovudlaget sin økonomi god. Laget flyt på tidlegare opptente / oppsparte dugnadsmidlar, kombinert med at ØIL-fotball hovudsakleg sørger for naudsynt inntekt til fotballgruppa sitt aktivitetsområde. ØIL-grasrotandelen erstattar omrent tidlegare automatinntekter, men er redusert frå 147 000 i 2012 til 126 000 i 2013.

Forslag til tiltak:

ØIL-styret for 2014 må balansere overføringane til fotballen slik at hovudlaget sin likviditet ikkje vert ytterlegare svekka. Eit alternativ kan vere å reduserer overføringa av grasrotandelen til fotballen.

Rekneskapet for både hovudlaget og fotballgruppa vert ført av Vekstra Hardanger og Voss AS.

Viser elles til revidert rekneskap lagt fram på årsmøte.

## **Hardanger talentutvikling AS (HT) – selskap eigd av ØIL**

Eigarskap: Hardanger talentutvikling AS er eigd av Øystese idrettslag.

Avviklingsstyre: Vidar Torsvik (leiar), Rune Vik

Status:

Uteståande fordringar er stort sett gjort opp og synleggjort i ØIL-rekneskapet for 2013. Avvikling av selskapet vil venteleg skje i 2014, som også vil påføre laget kostnadars.

Øystese 03. mars -2014

Rune Vik  
-skrivar-